

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 02.06.2004 **Tid:** 08.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev
Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7, inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:
Sture Tveit

I staden møtte:
Sigmund Dyrhovden frå kl 11.00

Janne Drevsjø fekk permisjon kl 14.30, og ho var ikkje med under handsaming av sakene 13 og 19/04.
Øyvind Røen fekk permisjon kl 15.35, og han var ikkje med under endeleg handsaming av sak 13/04

Andre som var tilstade på møtet:

Konsulent Eva Hellevang møtte som sekretær. Ass. Adm.sjef Hilde-Lill Våge var med på synfaring og under handsaming av reguleringsplan for Ytre Tysse. Ordførar og administrasjonssjef.

Merknader:

Sakene var handsama i annan rekkefylgje enn dei står oppført.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 9. juni 2004

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Olaug Øystese ga uttrykk for at ho ikkje ønskjer at møta vert lagt slik at sakspapira må lesast t.d. i pinsa. Dette bør takast omsyn til ved oppsetting av møteplan. Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Øyvind Røen viste til lesarinnlegg i Samningen om oljesøl i sjøen på Bjørkheim, og etterspurde korleis dette vert handtert.

Adm.sjefen orienterte om at me vil først foreta målingar. Etter at dei er analyserte vil det verta teke stilling til vidare framdrift.

Olaug Øystese spurde om kva rutinar som er lagt opp for å ha kontroll med at naust ikkje vert teke i bruk til hytter.

Det vart m.a. vist til at me i vedtak om byggjeløyve no tek inn at det ikkje er høve til å innreia andre høgda i nauset slik at det kan nyttast til hytte. Utstrakt grad av kontroll på plassane vil ikkje vera aktuell den første tida pga. andre presserande oppgåver. Idar Reistad meinte at me må sjå nærare på spørsmålet ved handsaming av kommuneplan der det kan takast inn i føresegnene.

Idar Reistad informerte at han har vore i kontakt med Gunnar Kleive på felles landbrukskontor der dei drøfta moglegheit for å få til større uttak av skog til ved i Samnanger. Det kunne kanskje vera aktuelt å etablera eit vedlag.

Det vart vist til at me i si tid sette ned ei gruppe som arbeidde med dette. Administrasjonen ser nærare på kva mandat denne gruppa hadde, og om dei evt. skal fortsette evt. om det skal veljast andre personar til dette arbeidet.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Liste over delegerte vedtak vart delt ut, einskild saker vart kommentert m.a. utviklinga i sak om kårbu Tysseland

Det vart orientert om tilsetting av leiar av teknisk eining,

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0012/04	00/00533 REGULERINGSPLAN FOR BJØRKHEIM.
0013/04	02/00517 REGULERINGSPLAN FOR TYSSE 2. GONGS HØYRING
0014/04	04/00027 DELINGSSAK GNR 48, BNR 12 UTSKOT.
0015/04	04/00030 DELINGSSAK GNR 3, BNR 53.
0016/04	04/00040 DELING AV GRUNNEIGEDOM GNR/BNR 36/5
0017/04	03/00394 SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR BUSTADHUS OG GARASJE PÅ GNR.26 BNR.66 HAGA
0018/04	04/00147 SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR DRIFTSBYGNING/ KVILEBU GNR.32 BNR.8 OG 9 KVITTINGEN
0019/04	04/00158 SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR TILBYGG TIL HYTTE PÅ GNR.19 BNR.13 VED FITJAVATNET
0020/04	04/00165 SØKNAD OM BYGGING AV SKOGSVEG/VEG TIL HYTTER PÅ GNR.37 BNR.4,8 OG 9 HOLMANE
0021/04	04/00195 SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR NAUST PÅ GNR.44 BNR.67 NYMARK.

0012/04

REGULERINGSPLAN FOR BJØRKHEIM.**Handsaming i møte:**

Planen vart gjennomgått. Det var semje om at ordførar, saman med medlemmane i utvalet kallar aktuelle partar inn til møte før kommunestyret handsamar denne saka endeleg. Føremålet med møtet er å få avklara kva planar, og ikkje minst kva tidsperspektiv aktørane ser for seg for vidare utvikling av senterfunksjonane på Bjørkheim. I drøftingane i utvalet var det semje om å gå for alternativ 2 men med ein del endringar: Det vert opna opp for bustadbygging i 2. etg. i næringslokala i F1. Snuhammaren mellom G1 og F2 vert endra slik at han går inn i FO1. I tilknytning til denne skal det setjast av eit mindre areal til parkering. Byggegrensa på 12 meter mot offentleg køyreveg på F1 og F2 bør kunne innsnevrast, noko som inneber ein auke i BYA. Offentleg køyreveg bør justerast slik at garasje kan verta ståande. Dette må skje utan at areal til vegserviceanlegg vert redusert. Det må leggjast til rette for at det vert mogleg for store bilar å koma inn til/snu ved området av F1 som i dag vert nytta av posten.

Vedtak:

Reguleringsplan for Bjørkheim alternativ 2 vert gjort gjeldande med fylgjande endringar:

Det vert opna opp for bustadbygging i 2. etg. i næringslokala i F1. Snuhammaren mellom G1 og F2 vert endra slik at han går inn i FO1. I tilknytning til denne skal det setjast av eit mindre areal til parkering. Byggegrensa på 12 meter mot offentleg køyreveg på F1 og F2 bør kunne innsnevrast, noko som inneber ein auke i BYA. Offentleg køyreveg bør justerast slik at garasje kan verta ståande. Dette må skje utan at areal til vegserviceanlegg vert redusert. Det må leggjast til rette for at det vert mogleg for store bilar å koma inn til/snu ved området av F1 som i dag vert nytta av posten.

0013/04

**REGULERINGSPLAN FOR TYSSE
2. GONGS HØYRING****Handsaming i møte:**

Utvalet var på synfaring på Ytre Tysse. Utvalet hadde desse merknadane til planframlegget: Naustområdet N1 skal omfatta dei nausta som er bygd i dag, dvs. at det ikkje vert opna opp for eit nytt naust. Dette området går inn i friområdet Fr4, Det må merkjast tilkomst til Fr 4 frå riksveg over B1.

Friområdet Fr3 vert utvida slik at det skal omfatta den del av B4 som ligg på austsida av stikkveg og som er del av byggjeområde B4.

Heile garasjetomta bnr. 99/100 må merkjast som byggjeområde og ikkje friområde.

Tilkomst til anlegg i sjø skal plasserast mellom "Langebua" og "Vetlebua". Utvalet er svært skeptisk til om dette vil fungera i høve til bedriften sine behov for av/pålesseing av materiale i same område, men har vald å etterkoma merknadane frå bedriften. Spørsmålet kan evt. avklarast seinare når det ligg føre konkrete utbyggingsplanar.

Område avmerka til off. kai vert avgrensa til området framføre parkeringsplass. Det øvrige arealet som var disponert til dette i planframlegget, vert omdisponert til privat kai. Det vert stilt krav om einsarta utforming av kaikanten.

Eit areal som vil gi plass til inntil 3 bilar ved S12 vert omdisponert til parkeringsplassar.

Miljøgata vert noko redusert i breidda frå eigedommen til Riise og til enden av gata i nordaust.

Det vert vidare lagt inn føresetnad at miljøgata framom eigedomane til Edith Kvernes og Sverre Riise vert definert som hage slik bruken er i dag.

Med desse endringane vert framlegg til reguleringsplan samrøystes tilrådd vedteken.

Vedtak:

Framlegg til reguleringsplan dagsett 15.11.2002 og revidert 02.04.2004 vert vedteken med desse endringane:

Naustområdet N1 skal omfatta dei nausta som er bygd i dag, dvs. at det ikkje vert opna opp for eit nytt naust. Dette området går inn i friområdet Fr4,

Det må merkjast tilkomst til Fr 4 frå riksveg over B1.

Friområdet Fr3 vert utvida slik at det skal omfatta den del av B4 som ligg på austsida av stikkveg og som er del av byggjeområde B4.

Heile garasjetomta bnr. 99/100 må merkjast som byggjeområde og ikkje friområde.

Tilkomst til anlegg i sjø skal plasserast mellom "Langebua" og "Vetlebua".

Område avmerka til off. kai vert avgrensa til området framføre off. parkeringsplass. Det øvrige arealet som var disponert til dette i planframlegget, vert omdisponert til privat kai. Det vert stilt krav om einsarta utforming av kaikanten.

Eit areal som vil gi plass til inntil 3 bilar ved sidan av S12 vert omdisponert til parkeringsplassar.

Miljøgata vert noko redusert i breidda frå eigedommen til Riise og til enden av gata i nordaust.

Det vert vidare lagt inn føresetnad om at miljøgata framom eigedomane til Edith Kvernes og Sverre Riise vert definert som hage slik bruken er i dag.

0014/04

DELINGSSAK GNR 48, BNR 12 UTSKOT.

Framlegg til vedtak::

Det vert i høve til plan og bygningslova §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela i frå eit areal om lag 3 daa rundt eksisterande hytte, og om lag 0,9 daa rundt eksisterande naust på gnr/bnr 48/12 i Samnanger kommune.

Det vert i høve til jordlova § 12 gjeve løyve til å dela i frå eit areal om lag 3 daa rundt eksisterande hytte, og om lag 0,9 daa rundt eksisterande naust på gnr/bnr 48/12 i Samnanger kommune.

Vedtaket er i samsvar med søknad.

Det vert teke atterhald i høve til merknadar frå Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen sin miljø- og landbruksavdeling innan 23.06.04.

Handsaming i møte:

Utvalet er i mot at det vert frådelt hyttetomter av ein slik storleik. Det vart derfor fatta vedtak om å gje dispensasjon for frådeling av areal rundt eksisterande hytte på 1 mål, medan søknaden for naustet vart imøtekomen. Arrondering av arealet skal skje i samarbeid med teknisk eining.

Vedtak:

Det vert i høve til plan og bygningslova §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela i frå eit areal på om lag 1 daa rundt eksisterande hytte, og om lag 0,9 daa rundt eksisterande naust på gnr/bnr 48/12 i Samnanger kommune.

Det vert i høve til jordlova § 12 gjeve løyve til å dela i frå eit areal på om lag 1 daa rundt eksisterande hytte, og om lag 0,9 daa rundt eksisterande naust på gnr/bnr 48/12 i Samnanger kommune.

Grunngjevinga for at søknaden berre er delvis imøtekomen er at kommunen ikkje ser at det ligg føre særlege grunnar til å etablera store hyttetomter i sjøkanten.

Leiar av teknisk eining får fullmakt til å foreta avgrensinga etter drøftingar med søkjaren.

Det vert teke atterhald i høve til merknadar frå Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen sin miljø- og landbruksavdeling innan 23.06.04.

0015/04

DELINGSSAK GNR 3, BNR 53.

Framlegg til vedtak::

Det vert i høve til plan- og bygningslova § 63 gjeve løyve til å dela i frå eit areal på 3,2 dekar frå gnr/bnr 3/53 i Samnanger kommune.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert i høve til plan- og bygningslova § 63 gjeve løyve til å dela i frå eit areal på 3,2 dekar frå gnr/bnr 3/53 i Samnanger kommune.

0016/04

DELING AV GRUNNEIGEDOM GNR/BNR 36/5

Framlegg til vedtak::

Det vert i høve til Plan- og bygningslova, §7, gitt dispensasjon til å dele i frå eit areal, med eksisterande hus, på om lag 1,4 daa på gnr/bnr 36/5.

Det vert i høve til jordlova § 12 gitt løyve til å dele i frå eit areal på om lag 1.4 daa, med hus nr. 2, på gnr/bnr 36/5.

Det vert teke atterhald i høve til merknadar frå Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland sin miljø- og landbruksavdeling innan 23.06.04.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert i høve til Plan- og bygningslova, §7, gitt dispensasjon til å dele i frå eit areal, med eksisterande hus, på om lag 1,4 daa på gnr/bnr 36/5.

Det vert i høve til jordlova § 12 gitt løyve til å dele i frå eit areal på om lag 1.4 daa, med hus nr. 2, på gnr/bnr 36/5.

Det vert teke atterhald i høve til merknadar frå Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland sin miljø- og landbruksavdeling innan 23.06.04.

0017/04

SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR BUSTADHUS OG GARASJE PÅ GNR.26 BNR.66 HAGA

Framlegg til vedtak::

I medhald av plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan for oppføring av bustadhus og garasje på gnr.26 bnr.66.

I medhald av plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for bustadhus og garasje på gnr.26 bnr.66 Haga. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.04.03.04.

Avkjøring frå fylkesvegen skal opparbeidast seinast i samband med grunnarbeid på tomten og skal vera godkjent av Statens vegvesen før ytterlegare byggjearbeida startar.

Bustadhuset skal koblast til off. vass- og avløpsleidning. Avløp frå bustadhuset skal førast via 3 kamra 4 m3 slamavskilljar.

Før byggjearbeida startar må ansvarleg utførande og kontrollerande for byggjearbeida vera godkjent.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan for oppføring av bustadhus og garasje på gnr.26 bnr.66.

I medhald av plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for bustadhus og garasje på gnr.26 bnr.66 Haga. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.04.03.04. Avkjøring frå fylkesvegen skal opparbeidast seinast i samband med grunnarbeid på tomten og skal vera godkjent av Statens vegvesen før ytterlegare byggjearbeida startar.

Bustadhuset skal koblast til off. vass- og avløpsleidning. Avløp frå bustadhuset skal førast via 3 kamra 4 m3 slamavskilljar.

Før byggjearbeida startar må ansvarleg utførande og kontrollerande for byggjearbeida vera godkjent.

0018/04

**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR DRIFTSBYGNING/ KVILEBU
GNR.32 BNR.8 OG 9 KVITTINGEN**

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune finn ikkje at innsendt melding stettar krav i forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker § 10 for driftsbygning i landbruket. Meldinga kan derfor ikkje handsamast etter plan og bygningslova § 81 driftsbygning i landbruket. Saka må handsamast som ordinær byggjesøknad.

Samnanger kommune finn ikkje at søknaden inneheld særlege grunnar som tilseier at dispensasjon frå gjeldande kommuneplan kan gjevast. Det kan derfor ikkje gjevast byggjeløyve for kvilebu .

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune finn ikkje at innsendt melding stettar krav i forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker § 10 for driftsbygning i landbruket. Meldinga kan derfor ikkje handsamast etter plan og bygningslova § 81 driftsbygning i landbruket. Saka må handsamast som ordinær byggjesøknad.

Samnanger kommune finn ikkje at søknaden inneheld særlege grunnar som tilseier at dispensasjon frå gjeldande kommuneplan kan gjevast. Det kan derfor ikkje gjevast byggjeløyve for kvilebu .

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0019/04

**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR TILBYGG TIL HYTTE PÅ GNR.19 BNR.13
VED FITJAVATNET**

Framlegg til vedtak::

Med heimel i føresegn til kommuneplan om forbod mot bygging i 50 metersbeltet langs vatn, vert det ikkje gjeve byggjeløyve for tilbygg til hytte på gnr.19 bnr.13.

Føresegnene i kommuneplan er vedtekne med heimel i plan og bygningslova § 20-4 f.

Det er ikkje lagd fram særlege grunnar som gjer at det kan gjevast dispensasjon frå kravet i kommuneplanen.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefrist er 3 veker frå de mottok melding om vedtaket.

Handsaming i møte:

Olaug Karin Øystese sette fram slikt framlegg:

Det vert med dette gjeve løyve til påbygg av hytte på gnr. 19, bnr. 13 i samsvar med søknad.

Grunngjevinga for dette er at hytta sjølv med tilbygget vert lita.

Utvalet gjekk med 4 mot 2 røyster inn for at søknaden skulle imøtekomast.

Vedtak:

Det vert gjeve dispensasjon frå føresegnene til kommuneplan om forbod mot bygging i 50 metersbeltet langs vatn som gjer at det vert gjeve byggjeløyve for tilbygg til hytte på gnr.19 bnr.13.

Vedtaket er grunngjeve med at sjølv med tilbygg vert hytta relativt lita.

0020/04

**SØKNAD OM BYGGING AV SKOGSVEG/VEG TIL HYTTER
PÅ GNR.37 BNR.4,8 OG 9 HOLMANE**

Framlegg til vedtak::

I medhald av av plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for veg på gnr.37 bnr.4,8 og 9 i Holmane. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.13.04.04. Vegskråningar må slettast og såast til, slik at ein ikkje får skjemma skråningar langs vegen.

Før eventuelt vidare vegbygging eller frådeling av tomter skal det vera stadfest reguleringsplan for Holmane.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

I medhald av av plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for veg på gnr.37 bnr.4,8 og 9 i Holmane. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.13.04.04. Vegskråningar må slettast og såast til, slik at ein ikkje får skjemma skråningar langs vegen.

Før eventuelt vidare vegbygging eller frådeling av tomter skal det vera stadfest reguleringsplan for Holmane.

0021/04

SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR NAUST PÅ GNR.44 BNR.67 NYMARK.

Framlegg til vedtak::

I medhald av plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan for bygging av naust på gnr.44 bnr.67.

I medhald av plan og bygningslova vert det gjeve byggjeløyve for naust på gnr.44 bnr.67.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.29.04.04.

Det er ikkje lov å innreia naustet slik at ein kan bu i det. Reidskapsrommet skal kun nyttast til lager.

Vedtaket er med atterhald om at Fylkesmannen og fylkeskommunen ikkje har merknader.

Handsaming i møte:

Utvalet var på synfaring. Det var semje om at det låg vel til rette for bygging av naust i området, slik at søknaden om løyve til å byggja naust vert imøtekomen. Det er frå før delt frå to andre nausttomter i det same området, og det vil derfor vera naturleg å ta det med i sluttarbeidet med kommuneplan.

Sjølve byggjesøknaden finn utvalet ikkje å imøtekoma. Planane må endrast slik at vindaugsflatene vert redusert. Utvalet vil akseptera vindauge oppe mot sjøsida tilsvarande vindauge som vist mot landsida. Vidare må vindauga nede reduserast slik at det maksimalt vert vindaugsflate tilsvarande to av dei vindauga som er vist på teikning.

Vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan for bygging av naust på gnr.44 bnr.67.

Innsendt byggjesøknad vert ikkje imøtekomen pga. for store vindaugsflater. Utvalet vil akseptera vindauge mot sjøsida tilsvarande vindauge som vist mot landsida på teikningane. Vidare må vindauga nede reduserast slik at det maksimalt vert vindaugsflate tilsvarande to av dei vindauga som er vist på teikning av 28.04.04.

Det er ikkje lov å innreia naustet slik at ein kan bu i det. Reidskapsrommet skal kun nyttast til lager.

Det vert delegert til administrasjonen å fatta endeleg vedtak i ein evt. ny byggjesøknad.

Vedtaket er med atterhald om at Fylkesmannen og fylkeskommunen ikkje har merknader.